



Knut Magne Bjørnstad  
Bjørnstadvegen 255  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2143 - 17/24814

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
15.12.2017

## Tilskot til grøfting av jordbruksareal på Gbnr. 16/4 Meland

**Administrativt vedtak. Saknr: 357/2017**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad dagsett 12.09.2017 der Knut Magne Bjørnstad søker om kommunalt tilskot til grøfting for 2017. Utval for drift og utvikling vedtok i sak 57/2017 på møte 06.06.2017 at grøfting skulle vera prioritert for tilskot i inneverande år, og at det kunne nyttast inntil kr. 20 /løpemeter. Knut Magne Bjørnstad søker om tilskot til 262 meter med grøfting på gbnr. 16/4.

Det er komen inn 5 søknader på til saman 2136,7meter. For 2017 har Meland sett av ei budsjetteramme på kr. 35 000 til fordeling. Dette gjev ein sats på kr. 16 pr. lm

Kommunestyret vedtok i 2002 retningsliner for handsamingav tilskot til landbruksfremål. Målet for midlane er å medverka til å fremja gode landbrukstiltak i kommunen. Det er mellom anna vilkår om at søker må ha rett på produksjonstilskot og at arbeidet må vera ferdig.

### Vurdering:

Ei av hovud utfordringane for jordbruket i Meland er dårleg grøftetilstand på mange areal. Endring av klima, tyngre maskiner kombiner t med gamle grøfter gjer at ein god del areal står i fare for å gå ut av drift fordi det er kostbart og arbeidskrevjande å grøfte. Grøfting har difor stor verknad både for å auka avlingsnivå og avlingskvalitet, betra driftstilhøve på bruka og for skjøtsel av kulturlandskapet.

Regnestykket vert slik:

Gjennomført grøfting meter:	Tilskotsats kr/m:	Sum:
262	16	4200

\*Avrunda til nærmaste 100

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlovas §§ 8-12 og basert på artskart, naturbase og den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdier på Bjørnstad. Det er registrert nokre nær trua

artar i nærleiken til arealet som er grøfta. Dette er fugleartar som er knytt til kulturlandskapet, jf. § 8. Det er administrasjonen sin vurdering at det ligg føre nok kunnskap om naturmangfaldet i området, slik at føre-var prinsippet ikkje gjer seg gjeldane, jf. §9. Administrasjonen meiner at grøftinga ikkje vil påverke artane då dei ikkje hekker i på det grøfta arealet. Vidare er artane knytt til kulturlandskapet og ikkje uvanleg å finne på areal som er drift. Grøfting er ein del av ordinær jordbruksdrift, og bruken av areal vert ikkje endra jf. § 10. Administrasjonen har vurdert det slik at tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf. §§ 8-12).

Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak er viktig og i tråd med dei kommunale retningslinjer.

### **Vedtak**

«Meland kommune løyver kr. 4 200 i tilskot til Knut Mange Bjørnestad for 262 meter grøfting på gbnr. 16/4. Løyvinga vert dekkja av budsjettpost 14700 603 3290 i tråd med retningslinjer vedteke av kommunestyret i 18.12.02 sak 131/02.

Tilskotet vert overført kontonummer som er nytta i samband med søknad om kommunalt tilskot til grøfting.»

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

### **Med helsing**

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakere:**

Knut Magne Bjørnestad

Bjørnestadvegen 5918  
255

FREKHAUG

